

# HANDLINGSPLAN FOR KJØNNS- OG SEKSUALITETSMANGFALD I GOL KOMMUNE

**Trygg og  
sikker i Gol**

# Handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald i Gol

## TRYGG OG SIKKER I GOL

«Trygg og sikker i Gol» betyr i utgangspunktet at alle innbyggjarar skal føle seg trygge på at dei ikkje blir diskriminert på grunnlag av etnisitet, religion, hudfarge, kjønn eller kjønnsidentitet, funksjonshemming, alder eller seksuell legning.

Vi ønsker at denne handlingsplanen skal bidra til at homofile, lesbiske, bifile, transpersonar og interkjønns personar (lhbt+ ) i større grad opplever at dei har same livsvilkår, aksept og respektert som befolkninga elles.

Planen rettar særleg merksemd på haldningsskapande arbeid blant barn og ungdom. Den viser òg til eit behov for kompetanseheving om lhbt+ blant tilsette i kommunen, og faggrupper som jobbar med barn og ungdom.



Arbeidet med planen er initiert frå politisk leiing, og det blei gitt mandat til å nedsette ei arbeidsgruppe for å jobbe med ein handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald i Gol kommune. Arbeidsgruppa har bestått av følgande:

- Personalsjef Tonje Kopstad
- Sosiallærar Karl Fredrik Sørliie
- Folkehelsekoordinator Ingunn Håverstad
- Innbyggjar Janne Sukka

Ordførar Heidi Granli har følgt nokre av møta i arbeidsgruppa. I tillegg er det henta nyttige og gode innspel frå helsestasjon, barnehage, skule, helse og omsorg, kulturavdelinga, ungdomsrådet og Gol IL.



# Innhald

- Kvifor ein eigen handlingsplan? s. 5
- Bakgrunn s. 7
- Nasjonalt s. 9
- Visjon og mål s. 10
- Lokalt på Gol s. 12
- Helsestasjon og skulehelsetenesta s. 14
- Barnehagane s. 15
- Skulane s. 16
- Idrett og fritidsaktivitetar s. 17
- Vaksne og eldre i Gol s. 18
- Ulike etnisitetar i Gol s. 19
- Gol kommune som arbeidsplass s. 20
- Referansar s. 22

# Kvifor ein eigen handlingsplan?

*Det var først etter eit viktig initiativ hjå ein innbyggjar at Gol kommune skjønte behovet for at me som kommune måtte gjera meir for gruppene som denne planen omfattar. Initiativet førte til historier om korleis det har vore og framleis er å vekse opp i vår kommune med ein anna kjønnsidentitet enn normen. Det kom særleg til syne etter den første PRIDE-markeringa på Gol for heile Hallingdal i 2021. Gjennom ei heil veke blei lokalsamfunnet involvert til både å bli kjente med flagget, historiane og menneska i denne gruppa. Det var utruleg flott å sjå kor mange som vart med i PRIDE-paraden gjennom Gol sentrum. Både frå miljøet, men ikkje minst frå lokalsamfunnet som gode allierte. Denne markeringa gjorde kommunen meir bevisste på kva me har gjort, kva me gjer i dag, men og kva me ynskjer å gjera framover for å skapa tryggheit og eit auka mangfald i vår kommune.*

Heidi Granli, ordførar Gol kommune



Det er mange grupper og viktige saker, som treng merksemeld og støtte frå kommunen. Kommunane engasjerer seg allereie på mange samfunnsområde. Idrett og aktivitetar for barn og unge, eldrereforma «Leve heile livet», integrering av flyktningar og innvandrarar, og tiltak innan rus og psykiatri er eksempel på viktige satsingsfelt. Men det har til no vore svært lite fokus på kjønns- og seksualitetsmangfald.

Kommunen har teke imot fleire bekymringsmeldingar om haldningar, språkbruk og mangel på aksept for dei av oss som har eit anna kjønnsuttrykk eller seksuell orientering. Ulike negative hendingar rundt pride-markeringar viser og at det framleis er ein veg å gå for at alle skal føle seg trygg, sikker og inkludert i Hallingdal.

Mange kommunar i landet har allereie utarbeidde ein eigen handlingsplan, for å vise ein tydeleg strategi og haldning til mangfaldet. Tida er inne for at Gol òg tek eit tydeleg standpunkt for å støtte, trygge og sikre alle innbyggjarane sine.



# Bakgrunn

Dei siste tiåra har skeives rettigheiter blitt styrkte i Noreg. Mange skeive i Noreg lever gode liv. Samtidig er det store variasjonar i levekår mellom ulike grupper som bryt med normer for kjønn og seksualitet. Det er òg livsområde der skeive i snitt opplever større utfordringar enn majoritetsbefolkinga. Levekårsundersøkinga blant lhbtiq-personar (Anderssen, Eggebø, Stubberud og Holmelid, 2021) og SSBs befolkningsundersøking om livskvalitet (Støren, Rønning & Gram, 2020) viser at førekomst av angst, depresjon og sjølvmordsforsøk er vesentlege høgare blant lhbtqi+-personar enn i befolkninga elles.

Internasjonale trendar viser dessverre tilbakeslag for menneskerettar for lhbtqi+-personar dei siste åra, noko som vekker bekymring (ILGA World, 2021) òg her i Noreg. Både sentralt og lokalt i elles så trygge Hallingdal opplev skeive hatefulle ytringar og handlingar. Det er derfor naudsynt med kontinuerleg innsats for å sikre skeives rettigheiter og tryggleik.


For å kunne skape eit meir ope og inkluderande samfunn for alle innbyggjarar, er det viktig å starte der ein ser utfordringane er størst. Ved å betre forholda for dei av oss som slit mest, vil dette òg gagne resten av samfunnet. OECD-rapportar frå 2020 og 2019 dokumenterer at det er ein samanheng mellom lhbtqi+-inkluderande politikk og det generelle nivået på likestilling i samfunnet. Ein politikk som aktivt hindrar diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønnskarakteristika, og som fremjar likestilling, bidreg til auka samfunnsøkonomisk gevinst (OECD, 2020 og 2019).



Kompetanse om kjønns- og seksualitetsmangfold trengst for å sikre gode og likeverdige tenester til heile befolkninga.

Fleire forskingsrapportar viser at det er manglande kompetanse i tenesteapparatet (Stubberud, Prøitz & Hamidiasl, 2018; Eggebø, Stubberud & Karlstrøm, 2018; Feragen, Heggeli & Wæhre, 2019). Gjennom dei forsterka aktivitets- og utgreiingspliktene har både sentrale myndigheter og kommunane fått eit større ansvar for å fremje likestilling og motverke diskriminering.

Kunnskap gir tryggleik!



**Nordmenn er jenter som er glad i jenter, gutter som er glad i gutter, og jenter og gutter som er glad i hverandre**

**Harald V**

## **Nasjonalt**

**Dei internasjonale menneskerettane** slår fast prinsippa om ikkje-diskriminering og universalitet i artikkel 1 i den internasjonale menneskerettserklæringa. Her blir det uttrykt at: alle menneske er fødde frie og like i verdighet og i rettigheter. Alle menneske, inkludert lesbiske, homofile og transpersonar har retten til å ta imot vern gjennom internasjonal menneskerettighetslovgivning, inkludert rett til eit sikkert og trygt liv fri frå truslar og alle former for diskriminering.

**Norsk lovverk** har òg eit tydeleg forbod mot å diskriminere. Diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder eller kombinasjonar av desse grunnlaga er forbodne. (Likestillings- og diskrimineringslova 2017).

**Regjeringa sin handlingsplan** mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk «Trygghet, mangfold og åpenhet» kom ut i 2021. Planen har 46 tiltak som dekker ei rekke samfunnsområde. Det blir lagt opp til ein gjennomgåande innsats for å få utvikla og spreidd meir kunnskap om lhbt+-personars utfordringar og korleis både myndigheter, verksemder og tenester kan yte best mogleg hjelp og støtte.

**Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet** (Bufdir) er fagdirektorat for likestilling og ikkje-diskriminering, og LHBT+-senteret i Bufdir er det nasjonale kunnskapssenteret for seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Senteret jobbar for å betre levekåra og livskvaliteten til lhbt+-personar. På senteret si nettside <https://www.bufdir.no/lhbt/> finnes oversikt og forskrifter, handlingsplanar og aktuell forsking.

# VISJON OG MÅL



**Hovedmål:**  
**ALLE innbyggjarar i Gol skal ha samme  
livsvilkår, aksept og respekt**

Alle som bur på Gol skal ope og fritt kunne leve liva sine basert på likeverd og gjensidig respekt uavhengig av kjønn, seksualitet, kven ein forelskar seg i eller vel å leve saman med, eller korleis ein vel å uttrykke identiteten sin.

Eit mål med denne handlingsplanen er å auke kunnskapen og respekten for kjønns- og seksualitetsmangfaldet på Gol, og skape større tryggleik for seksuelle minoritetar. Eit viktig tiltak for å nå dette målet er å auke kompetansen om kjønnsuttrykk og seksuell orientering hos kommunens tilsette og personar som jobbar med barn og ungdom.

Alle innbyggjarar i Gol kommune skal være TRYGG OG SIKKER, gjennom:

**T – Toleranse**

**R – Raushet, Respekt**

**Y – Ydmykhet**

**G – Glede, Gjensidig forståelse**

**G – Godhet, Godvilje, Gol**

**O – Omsorg, Omtanke**

**G – Godta, Gjensidig åpenhet**

**S – Storsinn, Samfunn, Samhold**

**I – Ivaretakelse, Inkludering, Individ, Informasjon**

**K – Knytte sammen, Kommunikasjon, Klokskap**

**K – Kjærlighet, Kompetanse, Kunnskap, Kultur**

**E – Elske (hvem man vil), Empati, Ekte**

**R – Rikdom, Robusthet**

# Lokalt på Gol

## Korleis oppleves det å være «skeiv» på Gol?

Innspel får vaksne skeive på Gol er at det å vere skeiv på ein liten plass ofte kan opplevast einsamt. Få vel å vere opne og synlege, og då vert dei som vel å vere opne svært synlege, som eit fyrtårn. Mange vel å ikkje vere seg sjølv, i frykt for å bli fryst ut eller få negativ merksemd. Særleg blant unge er det mykje slengbemerkningar om ein er litt annleis.

Ein treng meir kunnskap blant befolkninga, særleg ungdom og folk som jobbar med barn og unge. Ein treng og eit miljø, så skeive føler seg trygge og meir heime. Viktig for at unge blir eller vil flytte hit.



## Tilbakemeldingar frå elevar ved Gol skule



Kva tenker ungdommane skal til for at det blir betre på Gol framover?

- Snakke meir om det på skulen, og jobbe med haldningar
- Auke kunnskapen, få meir lhbt+ inn i undervisninga
- Gol må bli ein kommune som er flinkare på å inkludere lhbt+ personar
- Det er ein fordel at Gol er ein liten stad, det vil gjere det lettare å arrangere ting
- Ein lhbt+-plan er akkurat det Gol treng

# Helsestasjon og skulehelsetenesta

Helsestasjonen er for mange foreldre det første møtet med kommunen. Haldningsskapande arbeid, fokus på aksept og inkludering, og trygging i foreldrerolla er nøkkelord i helsestasjonen sitt møte med nybakte foreldre.

Gol helsestasjon har tema som kjønn, kropp og grensesetting oppe ved kontrollar frå 0–5 år. Tema blir tilpassa alder og utvikling. Skulehelsetenesta blir brukt aktivt inn i undervisning om pubertet på skulen, og dessutan under skulens "Veke 6". Jordmor deltek òg i noko undervisning på Gol vidaregåande skule. Ved helsestasjon for ungdom har ein ei medviten openheit rundt kjønn og seksuell legning, slik at ungdommane skal føle seg akseptert for den dei er.

## Tiltak:

- Vi har eit ope og inkluderande språk i møte med barn, unge og foreldre/føresette
- Vi får jamleg kursing for å vere godt oppdatert
- Vi reviderer undervisningspakkane jamleg, slik at dei heile tida er oppdatert
- Vi bidreg som støttespelar til barnehagane, og med informasjon på foreldremøte
- Vi bidreg som støttespelar til skolane, både i undervisning og ved oppfølging av elevar
- Vi spreier oppdatert og god informasjon til foreldre/føresette og ungdommar, frå fagmiljø som ung.no og Bufdir

# Barnehagane

Haldningsskapande arbeid må starte tidleg. Det er viktig med kunnskap og bevisstgjering blant vaksne og foreldre/føresette, slik at både barn, tilsette og foreldre opplever å bli akseptert for den dei er. Innspel frå tilsett i Gol barnehage går på at barnehagen i dag blir opplevd som aksepterande og inkluderande. Det er mindre fokus på ulikskap mellom kjønn, og ein deler i mykje mindre grad inn barnegruppane i gutter/jenter. Det er viktig å framleis jobbe med medvitne haldningars og felles mål, slik at alle føler seg akseptert og inkludert.

Videoen i linken viser at det å aksepter barnet sitt akkurat slik det er ikkje alltid er lett, men utruleg viktig: [HollySiz - The Light \(Clip officiel\) - YouTube](#)

## Tiltak:

- Vi har eit ope og inkluderande språk i møte med barn, foreldre/føresette og kollegaer
- Vi set ikkje barn i boks, eller tvinge på kjønnsstyrte aktivitetar, klede eller leiker. Barn skal få velje fritt
- Vi har kursing av tilsette frå kompetansemiljø
- Vi har tema om mangfold på møte og i samtalar med foreldre/føresette
- Vi har tema om mangfold og ulike familiesamansettningar med dei eldste barna

# Skulane

Skulen er den arenaen alle barn og unge møtest, og er store delar av tida si. Haldningsskapande arbeid blant barn og ungdom bør vere gjennomgående i skulen, òg når det kjem til kjønn og seksualitet.

Ungdomsskuletida er for mange den perioden ein blir meir medviten seg sjølv og kven ein er. Det er òg ei sårbar og vanskeleg tid, særleg for dei av oss som føler seg annleis. Ein kan føle at ein ikkje passar inn, eller føle at ein ikkje blir akseptert for den ein er. Det er derfor ekstra viktig å jobbe med gode haldningar, aksept og forståing for kvarandre i denne tida.

Kompetanseheving blant faggrupper som jobbar med barn og unge er viktig for å kunne jobbe målretta med auka aksept, respekt og inkludering av ALLE barn og unge.

## Tiltak:

- Vi har eit ope og inkluderande språk i møte med barn, unge, foreldre/føresette og kollegaer
- Vi jobbar med gode haldningar og språkbruk
- Vi utviklar gode verktøy og metodar for å handtere uønskt språkbruk og hendingar
- Vi styrker dei vaksnes rolle, både i klasserommet og i friminutta
- Vi har kursing frå kompetansemiljø, for både elevar, tilsette og foreldre/føresette.
- Vi har tema om kjønns- og seksualitetsmangfald i forbindelse med "Veke 6 "
- Vi legg til rette for val av 3.kjønn på skjema og undersøkingar
- Vi har ei anna inndeling av elevgrupper enn etter kjønn

# Idretts- og fritidsaktivitetar

Det er viktig at barn, unge og vaksne føler seg akseptert og inkludert, òg på dei fritidsaktivitetane ein deltek på. Innspel viser at det frivillige har hatt god fokus på førebygging av mobbing, men lite fokus på haldningar og tiltak rundt ulik kjønns- og seksualitetsmangfald. Særleg innan idrett har mange greiner ei tidleg kjønnsinndeling og fokus på prestasjonar. Enkelte idrettar har òg ulike «kleskodar» for gutter og jenter. Det blir opplevd at idretten har ein veg å gå for at det skal opplevast heilt trygt å stå fram med ein annan kjønnsidentitet eller seksuell legning.

Det er ønskeleg med auka samarbeid mellom kommune, det frivillige og føresette, for å utarbeide felles mål og planar. Kommunen kan gjerne initiere dette arbeidet. Kommunane kan òg oppfordre frivillige lag og organisasjonar til å ha fokus på openheit og mangfald ved tildeling av kommunale tilskot.

## Tiltak:

- Vi har eit ope og inkluderande språk i møte med barn, unge og vaksne
- Vi jobbar medviten og målretta med gode haldningar og språkbruk
- Vi har kursing med kompetansemiljø for trenarar/leiarar og føresette
- Vi jobbar for eitt tettare samarbeid mellom skule og idrett/fritidsaktivitetar
- Vi jobbar for å etablere "All-idrett" opp til og med ungdomsskule, utan kjønnsinndeling eller fokus på prestasjonar. Leik, variasjon, aktivitets- og idrettsglede skal vere førande

# Vaksne og eldre i Gol

Undersøkingar viser at eldre lhbt+i-personar fryktar møtet med helse- og omsorgssektoren. Eldre lhbt+i-personar kan av den grunn velje å gå «inn i skapet» igjen. For enkelte kan det sosiale nettverket vere heilt basert på vennar, fordi dei har brote med familien og kanskje ikkje har eigne barn. Dette kan representera nye problemstillingar og utfordringar for helse- og omsorgstenestene.

Lhbt+i har til no ikkje vore i fokus i helse- og omsorgssektoren, og det er derfor på tide å diskutere tema for å møte forventningane i framtida på ein god måte. Alle har rett til å vere seg sjølv heile livet ut.

Det må jobbast med auka kunnskap blant tilsette, så ein kan få ein betre kultur og betre rutinar. Det er ønskeleg at alle tenestene blir opplevde opne og inkluderande for alle.

## Tiltak:

- Alle tenester i Gol har eit ope og inkluderande språk i møte med innbyggjarane sine
- Vi jobbar for å auke kunnskapen og medvitet hos tilsette i tenester som møter menneske
- Vi har tema om kjønns- og seksualitetsmangfald på fagsamlingar for å auka kunnskapen
- Vi jobbar for å rette tenestene i kommunen slik at alle trygt kan få vere seg sjølv heile livet
- Vi jobbar for å utarbeide ein plan for kartlegging og tilrettelegging i samarbeid med pasientar/brukarar
- Vi har informasjon og opplæring i RÅFU, og nyttar RÅFU meir aktivt som høyringsinstans.
- Vi jobbar for ein årleg Pride-markering i Hallingdal

# Ulike etnisitetar i Gol

LGBTI+-personar med annan etnisk bakgrunn kan vere ekstra utsett for diskriminering, òg i eige miljø. Mange kjem frå land der LGBTI+-personar ikkje har same rettigheter som i Noreg, og nokon frå land der homoseksuell aktivitet faktisk er straffbart. Enkelte kan derfor ha med seg ei negativ oppfatning og haldning mot LGBTI+-personar. Av den grunn bør dette temaet blir vigg spesiell merksemd i introduksjonsprogrammet for nykomne flyktningar, og dessutan i det ulike tiltaket i kommunen for personar med annan etnisk bakgrunn.

I Gol har flyktningtenesta bakt inn tema om LGBTI+ i rasisme- og seksualundervisninga til flyktningar. Men tenesta når dessverre ikkje ut til arbeidsinnvandralar, eller personar som kjem via familiegjenforeining. Det er viktig at ein òg nå denne gruppa. Særleg viktig er det å nå ut til dei som buset seg med familie og barn. Det er behov for gode kanalar der ein kan nå ut med viktig informasjon og haldningsskapande arbeid.

Kulturavdelinga ønsker generelt å jobbe for meir mangfald i samfunnet, både etnisk, kulturelt og i forhold til kjønn og seksualitet. Openheit og inkludering er nøkkelord ein ønsker skal stå i fokus i alle prosjekt og planar.

## Tiltak:

- Vi jobbar med auka kunnskap og bevisstgjering hos tilsette ved flyktningtjenesta, vaksenopplæring og NAV
- Vi utarbeider god informasjon til innvandralar om LGBTI+ Personar si rettsstilling i Noreg, som ekteskapslovgiving, familieetablering og vern mot diskriminering
- Vi jobbar aktivt med haldningsskapande arbeid blant alle innvandralar
- Vi gir informasjon om støttande kontaktpersonar og miljø til dei som har behov for dette

# Gol kommune som arbeidsgjevar

Trygg nok til å vere seg sjølv? Alle bør kunne føle seg trygg nok til å vere opne om legninga si eller kjønnsidentitet, òg på arbeidsplassen. Gjennom ulike lovverk er det tydelege kravet til kommunane om å skape tryggleik, aksept og toleranse, blant anna gjennom eit godt og inkluderande arbeidsmiljø for alle sine tilsette (jf. arbeidsmiljølova kap. 1–1 og kap. 4). Likestillings- og diskrimineringslova har òg er tydeleg forbod mot at folk skal kunne diskriminerast ut ifrå kven dei er eller uttrykker seg som (lovas kap. 2, §6).

Alle tilsette har eit ansvar i arbeidet med å skape gode og inkluderande arbeidsmiljø. Leiatarar i kommunen har eit særleg ansvar for at dette arbeidet blir målretta og systematisk, og at alle blir vareteke på ein god måte.

## Tiltak:

- Vi har eit ope og inkluderande språk i møte med kollegaer og innbyggjarar
- Vi oppdaterer jamleg handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald i Gol
- Vi har ein tydelege strategi og tydelege haldningar i kommunen
- Vi jobbar med å auke kompetansen hos alle leiatarar – blant anna med kurs frå kompetansemiljø
- Vi jobbar for mangfaldsleiing, og utviklar gode strategiar og verktøy for leiatarar i Gol kommune
- Gol kommune skal vere ein rollemodell for openheit og inkludering

## Innspill frå leiarar i Gol kommune:



# Referansar

- [Levekårsundersøkelsen EU-SILC 2021 \(ssb.no\)](#)
- [Livskvalitetsundersøkelsen 2020 – SSB](#)
- [ILGA World Annual Report 2021 | ILGA World](#)
- [Society at a Glance 2019: OECD Social Indicators | en | OECD](#)
- [OECD Annual Report 2020 \(regjeringen.no\)](#)
- [NTNU Open: Den eneste skeive i bygda? Unge lhbt-personers bruk av kommunale helsetjenester](#)
- [Rapport-fra-Nordlandsforskning-Levekår-blant-skeive-med-innvandrerbakgrunn-i-Norge-2018.pdf\(nhri.no\)](#)
- [Livssituasjonen\\_for\\_personer\\_med\\_variasjon\\_i\\_kroppslig\\_kjønnsutvikling\\_i\\_Norge.pdf\(frambu.no\)](#)
- [Menneskerettigheter \(fn.no\)](#)
- [Lov om likestilling og forbud mot diskriminering \(likestillings- og diskrimineringsloven\) – Lovdata](#)
- [Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. \(arbeidsmiljøloven\) – Lovdata](#)
- [Handlingsplan: Trygghet, mangfold og åpenhet - regjeringen.no](#)
- [Likestilling og ikke-diskriminering | Bufdir](#)